

DEN NORSKE KYRKJA

Bjergvin bispedømeråd

dok 65

Linné- og kirkeopp.	
Klart 03/385	Dato 02/203
540	Beh KRS

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 28.11.2003

Vår ref.: 03/182-3 HT

Dykkar ref.:

Høyringsfråsegn - tenesteordning for prost og prest Bjergvin bispedømeråd

Vi viser til brev frå departementet dagesett 10.oktober d.å. vedkomande høyring på tenesteordning for prost og tenesteordning for prest.

Bjergvin bispedømeråd vil ynskje velkomen departementet sitt initiativ til å etablere tenesteordningar som er i tråd med dagens situasjon, og som også gjev rom til vidare utvikling av prestetenesta.

Vi har merknader til prosessen departementet har lagt opp til. Høyringsfristen er for knapp, og gjev lite rom for refleksjon.

Vi vil rå til at Bispemøtet får tenesteordningane til vurdering før dei vert sett ut i livet. Dette vil og sikre meir rom til refleksjon og vonleg gjere innføringsfasen betre.

1.

TENESTEORDNING FOR PROST

Bjergvin bispedømeråd er grunnleggjande positive til dei endringane som det vert lagt opp til i tenesteordning for prost. Det er i tråd med den faktiske utviklinga at prostane vert tillagt større leiaransvar. Endringane opnar for ei god og meir lokalt tilpassa utvikling av prostetenesta.

Når tenesteordninga for prost no er til revisjon, vil Bjergvin bispedømeråd vere opptekne av at tenesteordninga gjev uttrykk for dei heilt sentrale funksjonane som vert tillagt prostetenesta. I denne samanheng er § 5 i framlegget sentral.

Her vil vi gjere framlegg om eit tillegg med bakgrunn i at prostane i kyrkja sin noverande organisasjon er den einaste lovfesta tenesta som har prostiet som tenesteområde. Dei fleste prostane tek derfor initiativ til å skape møtestader som stimulerer samarbeid mellom kyrkjelydane og utvikling for kyrkjelege medarbeidarar i prostiet.

Det er heilt avgjerande at utøvinga av ein slik funksjon er avklart og skjer i nært samarbeid med fellesråda og kyrkjevevane. Prosten kan ikkje verte tillagt eit ansvar som går inn på fellesråda sitt arbeidsgjevaransvar for kyrkjeleg tilsette.

Bjergvin bispedømeråd vil ynskje at denne samlande funksjonen for råd og tilsette i prostiet vert uttrykt i §5 i tenesteordninga for prost.

Dette vil og gje meining sett i samheng med nye formuleringar i § 2, der det vert uttrykt at prosten skal vere forplikta på dei mål og strategiar som er fastsett i bispedømmet.

Tilhøvet mellom prostetenesta og ansvaret som sokneprest har vore mykje drøfta blant prostane i vårt bispedøme. Bispedømerådet er positive til at biskopen får høve til å regulere tilhøvet mellom prostetenesta og oppgåvene som prest på ein meir fleksibel måte enn tidlegare. Men vi finn det ikkje ynskjeleg at prosten vert løyst frå presteteneste i kyrkjelyden i det heile. Både kyrkjelydane og prestetenesta er tente med prostar som har nærkontakt med kyrkjelydsarbeidet og sin identitet knytt meir til prestetenesta enn i allment administrativt arbeid.

Det er avgjerande at den administrative hjelpa til prostane vert styrka i tråd med overføring av meir ansvar til prostetenesta. Det er positivt at Regjeringa har sett av kr 3 mill i Statsbudsjettet for 2004 for å styrke denne ordninga. Dette må sjåast på som eit første steg, og ordninga må verte tilført vesentleg meir midlar om vi skal nå målsetjingane som no vert trekte opp for prostetenesta.

Når prosten skal rette meir merksemd mot leing og organisering av prestetenesta, vil spørsmålet om å styrke prestetenesta ved prosteseta melde seg i neste omgang. For Bjergvin bispedøme sine 13 prosti vil eit estimar summere seg til 6,5 stillingar.

Bjergvin bispedømeråd gjer framlegg til nytt andre ledd i § 5 i tenesteordning for prost:

Prosten skal fremme samarbeid mellom menighetsrådene og stimulere kirkelige medarbeidere til tverrfaglig samarbeid i menighetene og i prostiet.

2.

TENESTEORDNING FOR PREST

Bjergvin bispedømeråd vil ynskje velkomen at prestane skal kunne gjere teneste i heile prostiet, og er grunnleggjande positive til den type organisering og leing av prestetenesta som departementet gjer framlegg om.

Bjergvin bispedømeråd si positive haldning har som grunnleggjande føresetnad at normalordninga vert at presten er knytt til eitt eller fleire sokn som han/ho har som sitt primære tenesteområde der minst 75% av tenesta vert utført. Vi ser fram til at mange av dei erfaringane ein har gjort prosjektet i Ytre Sogn no vert teke til følgje i utviklinga av prestetenesta.

I tråd med dette må presten sin *rett* til å forrette kyrkjelege handlingar (§ 11) vere avgrensa til hans eller hennar primære arbeidsområde. Presten har like fullt *plikt* til å utføre kyrkjelege handlingar i heile tenestedistriktet (prostiet) dersom han eller ho gjennom arbeidsfordelingsplan fastsett av prosten er pålagt teneste elles i prostiet. Formuleringane, slik dei no står i framlegget til § 11 første ledd, vil opne for ein praksis der soknemedlemer kan "bestille" ein annan prest enn "sin eigen" sokneprest.

Ein slik "fri flyt" av prestar der ein enkelt prest og eit soknemedlem kan gjere ein avtale om ei kyrkjeleg handling, vil svekke prosten sitt ansvar og høve til å organisere prestetenesta.

Vi ynskjer at det grunnleggjande tilhøvet mellom prest og kyrkjelyd kjem tydeleg til uttrykk alt i "føremålsparagrafen" for prestetenesta (§ 2). Det bør gå fram at presten si teneste ikkje er avgrensa til ein serie oppgåver, men har som føremål å fremje kristen tru og liv i kyrkjelyden.

Björgvin bispedømeråd gjer framlegg til følgjande endringar og tillegg i tenesteordning for prest:

(Våre endringar og tillegg er understreka.)

Med bakgrunn i at vi ynskjer å streke under tilhøvet mellom prest og kyrkjelyd, gjer vi framlegg om å nytte omgrepet "*primært arbeidsområde*".

§ 2, tillegg i første ledd:

Presten skal som forvaltar av Ord og sakrament fremme kristen tro og liv i menigheten ved ...

§ 9, nytt første ledd:

Alle menighetsprester har enten en avgrenset del av prostiet eller en spesialtjeneste som sit primære arbeidsområde, men har hele prostiet som sitt tjenestedistrikt,

§ 10, andre ledd:

Soknepresten leder prestetjenesten i det eller de sokn denne har som sitt primære arbeidsområde og

§ 11, endring i første ledd:

Enhver menighetsprest har rett til innenfor sitt primære arbeidsområde å utføre kirkelige handlingar som ønskes forrettet av dem.

§ 11, nytt andre ledd:

Presten har ikke plikt til å utføre kirkelige handlingar for personer som er bosatt utenfor sitt primære arbeidsområde, unntatt


§ 12, endring:

En ordinert prest i Den norske kirke må ikke uten samtykke fra vedkommende sokneprest, prost eller biskop holde gudstjenester eller forrette kirkelige handlinger utenfor sitt primære tjenesteområde.

§ 13, første ledd

Soknepresten har ansvar for kirkebokføringen for det eller de sokn som utgjør dennes primære arbeidsområde, me mindre ...

Med helsing


Helge Taranrød
stiftsdirektør e.f.
Dir. innval: 55 30 64 74